

# NASH

Tilstades:

Blørneblæs – 2 stemmeberettiga (4)

Dei taktlause – 2 stemmeberettiga (3)

Dragern – 1 stemmeberettiga

Larmonien – 2 stemmeberettiga (3)

Taphel og toddy – 2 stemmeberettiga

Maxwells – 1 stemmeberettiga

OMPagniet – 2 stemmeberettiga

Åsblæsen – 2 stemmeberettiga (3)

IKKJE STEMMERETT

Bibelblæsen (2)

Force Marsjør (2)

## Dagsorden

Dagsorden er godkjent

## Møteleiar og referent

Møteleiar – Jonas Låstad – valgt

Referent – Markus Frislid - valgt

Protokollunderskrivar – Elias og Thomas - valgt

## Godkjenning av innkalling

Vart lagt ut på facebook og discord

Burde også bli sendt på mail.

Godkjent

## Årsmelding

Jonas legg fram Årsmelding.

Spørsmål: Når ein har ønskt å bytte over til Discord, kva er tanken?

Svar: Det er ei godt eigna plattform der styrer kan kommunisere bl.a. og har ein del praktiske funksjonar med inndeling i kanalar. Det er fleire som ikkje brukar Discord, samt og Facebook. Er for å ta over funksjonen til Facebook.

Taktlaus: Hovudplattform kan vere litt missvisande, da det er mail og nettside.

Svar: Vi kjem framleis til å nytte mail som hovudform for kommunikasjon.

Årsmelding er godkjent.

## Regnskap:

Det som vart nemnt tidlegare var at vi hadde fleire løypande driftskostnader. Med drive og det har vore fleire som har hatt tilgang til bankkonto av tidlegare økonomiansvarlege, det er no fjerna så det er mindre utgifter der.

For regnskapet, så blir det lagt fram frå i fjor april til april i år. Vi venter framleis på tilbakebetaling frå Ås med tanke på SMASH. Vi har og ei utgift for domene.

Hittil i år har det blitt betalt medlemsavgift og det er utbetalt støtte for Trondheim SMASH.

Regnskapet er godkjent.

## Budsjett for kommande periode

Dei fleste driftskostnadane er fjerna, og styret ønsker å styre slik at vi bygger ned bankkontoen til 30 000. Medlemskontingent er ikkje endra.

Spørsmål, om SMASH-støtte er sett til 20000, så vil det vere pengar som går fort ut. Om det er 20 000 kvart år framover, så må ein ta ein diskusjon på kva som er berekraftig.

Svar, det tek ikkje med i rekninga SMASH-overskotet. No i haust gjekk Ås 28 000 i overskot. Tanken er at overskot og støtte skal omtrent gå i null.

Kommentar, om vi og ser at det begynner å gå nedover økonomisk kan vi også sjå på om vi kan søke støtte/sponsing.

Svar, dette kjem vi litt tilbake til i retningslinjer for økonomi etterpå. At man sikre arrangørane har kapital nok og går ish i null.

Jonas kan og sende ut eit oppdatert budsjett etter at vi får tilbake pengar frå Ås og Nidaros SMASH. Vi endrar i budsjettet til 28 000, for å vere i tråd med forventa inntekter. Einstemmig vedtatt.

Budsjett er einstemmig vedtatt.

## Vedtektsendringar

Forslag 1: Redaksjonell fullmakt

For å få fullmakt til å endre vedtektene redaksjonelt etter vedtak.

Einstemmig vedtatt

Redaksjonelt forslag 1.1: Endre medlem til medlemslag – og representant til medlem

Vedtatt

1 stemmeberettiga frå Åsblæsen har forlatt rommet

Forslag 2: §4 kulepunkt 5 – saker til generalforsamling

Einstemmig vedtatt

1 stemmeberettiga frå Åsblæsen har komen tilbake + 1 observatør

Forslag 3: §4 kulepunkt 5 – slette ei setning

Vedtatt

Forslag 4: §4.1 kulepunkt 3 – presisering av representantar på generalforsamling

Vedtatt

Forslag 5: §5.1 kulepunkt 4 – Driftskostnadar og NASH

Einstemmig Vedtatt

Forslag 6: §5.1 Kulepunkt 4 – SMASH-støtte

Vedtatt

Forslag 7: §5.1 Kulepunkt 5 – Øyremerka pengar til SMASH

Einstemmig vedtatt

Forslag 8: §5.2 – Økonomisk støtte til SMASH og overskot

Einstemmig vedtatt

Forslag 9: §6 kulepunkt 2

Einstemmig vedtatt

Endringar i «Retninglinsjer for godkjenning av budsjett og rekneskap»

Einstemmig vedtatt

## Retningslinjer for berging

Til kulepunkt 1 i paragraf do's er foreslått å fjerne heile kulepunktet. Og eit forslag for å stryke det etter komma.

Forslaget om å stryke leddsetninga vart vedtatt.

Forslag å endre «det» til «gjenstander» i kulepunkt 1.  
Einstemmig vedtatt

Det vart og lufta i diskusjonen om ein skal ha konsekvensar for brot på retningslinjene.

Forslag til innleiinga: «Berging som fører til skade på person og grov skade på gjenstandar kan føre til utvisning av enkeltpersonar og medlemslag».

Einstemmig vedtatt.

Spørsmål om kvifor hatt ikkje er ein del av uniform.

Svar: er forskjellige forhold til hattar og uniform, og har vore bergingstradisjon for dette.

V1: Godkjenne retningslinjer

Einstemmig vedtatt

## Val av styre

Tre opne stillingar til verv:

Økonomisjef (Nestleiar): Sindre Østby - Dragern

Skribent: Agne Furenes - Bibelblæsen

Styremedlem: Birgitte Emilie Hoff – Åsblæsen

Fastsettelse av SMASH arrangør vår 2024

Tradisjon tilseier Christiansand

Tar det på mail.

## Eventuelt

Alle gleder seg til neste aktivitet for dagen: Phanemiiiiii!

## Møtekritikk

Langt møte og kom seint i gang

X

Elias Mossblad

Elias Mossblad

X

Thomas Walmsley

Thomas Walmsley